

# TELESKOPTER

...og andre usynlege ting



Aslak Brimi

## teleskopter

T: Frikk Gjeilo M: Aslak Brimi

Eg og du i skyane  
med teleskop og rotorblad,  
ser ned på alle byane  
dit eg og du vil dra.

Eg og du på flygetur  
med teleskop og rotorblad,  
her er ingen kjapp retur  
for langt avsted vi nå skal dra.

*Her sit vi i vårt Teleskopter,  
flyg avsted og kikar ned.  
Her sit vi i vårt Teleskopter,  
ingen andre ser, og vi syng:  
Trallallalallallallala*

Eg hører at det smell eit skot,  
og du og eg vi kikar ned;  
vi kan sjå ein sjørøverbåt  
på havet der eit sted.

Det kjem ein farleg røyk frå land,  
og vi ser ned mot hø og fjell.  
Vi kan sjå ein stor vulkan  
som sprutar glød og eld.

*Her sit vi i vårt Teleskopter...*

Vi ligg og kikar lukkeleg  
og gløymer kvar vi er på veg,  
og plutsleig så landar deg  
på månen her med deg.

*Her sit vi i eit Teleskopter  
kikar ned og flyg av sted.  
Her flyg vi i eit teleskopter,  
heilt til månen du og deg, og vi syng...  
Trallallalallallala*



**ORDLEIK:** Finn så mange fornamn som mogleg med same forbokstav. Vel ein bokstav, og bestem jente- eller gutenamn. T.d. vel bokstaven B og jentenamn. Da skal alle skrive så mange jentenamn på B dei kjem på. Den som kjem på flest namn vinn.

## venesongen

T: Frikk Gjeilo M: Aslak Brimi

Ein ven er ein forunderleg figur,  
ein som får deg til å smile litt når du vil vere sur,  
ved å danse rundt og rundt i kring med lange, rare steg;  
ein ven er ein som får deg til å le.

Ein ven er ein som smiler når du kjem,  
og som sit der heile friminuttet når du har problem,  
og som ventar etter treninga fordi nå du er ekstra så treg;  
ein ven har alltid tid å gje til deg.

Ein ven er ein som vinkar når du går,  
og som spring og finn ein vaksen når du dett og får eit sår,  
og som minner deg på alt du plar å gløyme når du dreg;  
ein ven har alltid hjelp å gje til deg.

Ein ven er ein å krangle høglydt med  
og diskutere ting så du blir både raud, og vrang og vred.  
og kanskje seie dumme ting, for dumme ting kan skje.  
Men ein ven vil alltid ordne opp i det.

Ja, ein ven er ein forunderleg figur,  
og forunderlege vener dei er sjeldnar' enn du trur,  
og ser du til at venar har bra i lag med deg,  
så har du ein god ven i meg.

## usynlege ting

T: Frikk Gjeilo M: Aslak Brimi

Eg kan sjå eit kattespor  
som traskar her ifrå  
Eg kan sjå ei kattemor  
som passar sine små

Eg kan sende mange varme tankar rundt ikring,  
som ingen ser, for ingen ser usynlege ting.

Eg kan sjå ei fuglemor  
som matar sine fem  
Eg kan sjå dei flyg frå meg  
når vinterkulda kjem.

Eg kan sende mange triste tankar rundt ikring,  
som ingen ser, for ingen ser usynlege ting.

Eg kan sjå ein liten hund  
alleine i eit band  
Eg kan sjå han lograr nå  
når guten henter han.

Eg kan sende mange glade tankar rundt ikring,  
som ingen ser, for ingen ser usynlege ting.

- - -

Draumar kan varme lik ein flamme frå eit bål.  
Og gode tankar frå ein ven gjere vilja sterkt som stål.

Ja, eg kan sende mange gode tankar rundt ikring,  
som ingen ser, for ingen ser usynlege ting.

## stemma mi

T: Frikk Gjeilo M: Aslak Brimi

Stemmer det at somme pratar alt for høgt?  
At dei kanskje tenker seg om litt for snørt?  
Stemmer det at eg bestemmer over meg?  
Stemmer det at stemmer kan forandre seg?

Stemmer det at andre stemmer om dei kan?  
At a cappella-stemmer blir eit stemmeband?  
Stemmer det at det er fleir å stemme på?  
Stemmer det at alle stemmer  
med ein stemmeseddel i ein stemmebås?  
Bli med stem nå i:

*Utestemme, innestemme,  
pappastemme, mammastemme,  
stemmer det at somme stemmer fela si?  
Stemmeskifte, ingen stemme,  
stemme for og ombestemme,  
eg må høyre på den indre stemma mi!*

Stemmer det at somme har for lite klær?  
At dei ikkje lærer det eg lærer her?  
Stemmer det at somme folk har to alt?  
Stemmer det at stemmerett og stemmegalt?

Stemmer det at stemmegaller stemmer bra?  
At han stemmer stommene bestemt og sta?  
Stemmer det at stemma har sin klangfasong?  
Stemmer det at alle stemmer  
stemmer i med stemma si i fleirstemt song?  
Bli med stem nå i:

*Utestemme, innestemme ...*

**ORDLEIK:** Ordet "stemme" kan ha ulik mening etter samanhengen ordet blir brukt.  
Klarer du finne andre ord som har dobbelt mening? Kanskje til og med ord med trippel  
meining...?

## GAMLE GÅTER

- 1) Eg er eit tre med rota opp og toppen ned.
- 2) Kva er det du kan finne i ei tom lomme?
- 3) Eg er rund som eit egg, og lang som ein kyrkjevegg.
- 4) Eg er mindre enn ei mus, men fyller eit heilt hus.
- 5) Kva spørsmål kan du ikkje svare ja på utan å ljuge?
- 6) Eg harauge men ikkje hovud.
- 7) Eg har eksistert i millionar av år, men er berre ein månad gammal.
- 8) Kva er det som må bli øydelagt før du brukar det?
- 9) Eg går gjennom skogen, over fjellet og ned i dalen, men står likevel stille.
- 10) Når er åkeren mest lyrisk?

### katta sat oppå taket

T: Trad. / Aslak Brimi M: Trad. etter Rolv Brimi

Katta sat oppå taket, tåla ved sine døtre  
«Kva skal vi ha til vintersko.  
Vi fryser på våre føtter»  
Så reiste dei til Danemark,  
og kjøpte sko for halvanna mark.  
*Hei, Petter i donna,*  
katta spelte på tromma.  
*Og fire mus dei tro i dansen*  
så heile verda ho dundra.

Musa sat ned i kjellar'n, tåla ved sine sønner:  
«Kva skal det gå med vinterfor.  
Her er kun halvtomme tønner.»  
Så reiste dei til Portugal,  
og kjøpte fôr og ein hanegal.  
*Hei, Petter i donna ...*

Bikkja sat utpå trammen, lurte på kva som hende.  
«Kva skal det gå med mus og katt,  
der ut på framande strender.»  
Så reiste'n til Italien,  
og fant seg fru', han kom ei igjen.  
*Hei, Petter i donna ...*



### bergomsdragen

T: Frikke Gjeilo M: Aslak Brimi

Han var gråna og eldgammal slik dragar er  
med piggar på ryggen og hårete tær,  
men øyro som hørde godt alt som vart sagt  
av folkia på bruha ved fossen.

Fleire år tidlegar' flaug han forbi  
og såg ned på stabbur og mølle og smi',  
såg kuar og grisar og høner og folk  
som budde i grenda ved fossen.

Nå sleit han med halsbrann og brent kjeftament  
av alle dei bruene han hadde brent  
før han flaug hit opp og fann seg ein heim  
i grenda med bruha og fossen.

På venskap han hadde for lengst mista tru  
for samvittigheta ho gnog for kvar bru  
som han hadde brent og flamberat og kremret  
før han kom til grenda ved fossen.

Han ha' øyrelapplue og øyrelappstol  
og sat der og harka og hosta opp sot;  
var redd at dei alle sku' sjå kven han var  
i huset ved bruha og fossen.

Ein gong i veka når skåpet var tomt  
for kaffi og mandlar, og vêret var skomt,  
så gøynde han øyro i lua og før  
ut døra til huset ved fossen.

Forkledninga hans gjorde allmuga blind,  
han gjekk over vegen med myntpunjen sin,  
var glad for kvar dag ingen såg kven det var  
som kom att til huset ved fossen.

Skriv ei spennande historie. Tenk på eit gammalt (og skummelt?) hus i nærleiken av der du bur, og la fantasien løpe om kven som bur der. Om du vil ha ei ekstra utfordring kan du prøve å skrive på rim.

Ein dag han var ute og nøye forkledd  
hørde han skriket frå ein som var redd.  
Han gløymde å skunde seg heim til seg sjølv,  
til huset ved bruha og fossen.

På torget der stod det eit høgt klokketårn  
i langvisar'n hekk det eit skrikande born.  
Under stod folket så lamslått av frykt  
der i grenda ved bruha og fossen.

Han reiv av seg øyrelapplua og sprang,  
og flaug opp til guten som hekk der og slang  
og sette han trygt ned, og skunda seg heim,  
til huset ved bruha og fossen.

Han tenkte: «Eg kan ikkje lenger bu her  
no som dei endeleg veit kven eg er.»  
Han tok på seg luu og flaug der i frå,  
frå huset ved bruha og fossen.

I bygda der jubla kvar kjerring og kar,  
og sa «for ein meisterleg drage vi har!»  
Men dragen var borte og alt som stod att:  
eit tomt hus ved bruha og fossen.

Kvar dragen vart av er det ingen som veit,  
og kven guten er, er ei hemmelegheit.  
Han skreiv desse orda om dragen som var  
i huset ved bruha og fossen.

## trampoline

T / M: Aslak Brimi

Sommarbilen full av sommarklær;  
opp til taket pakka, vi er klar for allslags vær.  
Ferietid, ja, det er sommarfri;  
vind i hår og sand i mellom tær.

Sommarbiltur, vegen er så lang.  
Baksetekor og høglydt allsongtrong  
med Radio Super, super duper!  
Vi er klar for sommarferiesong!

Framme hos bestefar og -mor,  
ferieidyll, i sommar som i fjer.  
Dei smiler stort og peikar inn på gar'n  
der står ho; og gjett om eg er klar!

Der står Line, Line, Trampoline:  
Sommaren er kje like seg utan ho  
Line, Line, Trampoline:  
Sommarminner full av sommarsol.

"Å trette" (trætte) vil si å krangle  
eller kjekkle. Her er fleire dialektord  
frå Ottadalens du kan prøve å tyde:

SPORVEBUSE

RÆTTNÅ

LUKGUM

TVAU

HAFELLE

BITETI

KJÆFTAMÆNT

MÅRGÅVÆL

DONTE

HUGULAUS

Sommarjella, der kor trolla bur;  
selfiestanga ho er sjølvsgaqt med på tur;  
ut på eventyr, ja, det er ståk og styr,  
med støle lår og sliten positur.

Mamma og bestemor dei ler;  
blunkar lurt, og trur vi ikkje ser  
at dei finn ein kopp med sukker i og går  
bakom huset der ein gammal god ven står.

Der står Barbra, Barbra, god rabarbra  
Sommaren er kje like seg utan ho  
Barbra, Barbra, god rabarbra:  
Sommarminner full av sommarsol.

Barna er i seng og natta kjem;  
Varm og klam, som ein deilig sommarklem.  
Nokon listar seg på tå på duggfrisk eng.  
Pappa skal på date med ei som står og heng...

Og det er Line, Line ...



## ørne sette seg på høgan fjell

T: Trad. / Frik Gjeilo M: Trad. etter Rolv Brimi

Ørne sette seg på høgan fjell for å tåla ved meg.  
Å, du må veta det er eit farleg forfell som vil trette ved meg.  
Vil du trette, så trett, vil du sitja, så sit,  
burti buskom i dag, fire fante på rad.  
Fillefanten han spelte på fela si.

Ørne sette seg på høgan fjell for å tåla ved meg.  
Å, du må veta det er ein farleg forskjell på å krevja og be.  
Vil du krevja, så krev, vil du sitja, så sit,  
burti buskom i dag, fire fante på rad.  
Fillefanten han spelte på tromma si.

## da du var ung

T: Frik Gjeilo M: Aslak Brimi

Du er så stor  
og gjer store ting,  
og ungar du ser,  
mindre enn deg  
dei leikar i kring.  
Det gjor' du ein gong,  
men tida går fort.  
Hugsar du no  
kor' alt stod i ro,  
når du drøynde deg bort?

Drøym om eit hav, drøym om eit land,  
drøym om ein ven som held i hand,  
på eventyrferd, på hest og med sverd,  
i verda du fann.

Drøym om ein dal, drøym om eit fjell,  
der det bur dragar med sprutande eld.  
Ja, tenk det gjekk an, i verda du fann  
kvar einaste kveld.

No er du stor,  
og klarar alt sjølv.  
Du ser ikkje eit sverd,  
men berre ei fjøl  
når du ser ei fjøl.  
Men det var ein gong  
du var med og sprang,  
og hoppa frå fjell,  
og snubla og fell  
rett opp i mitt fang.

Drøym om eit hav, ....

Og så er du stor,  
så stor det går an;  
Snart ventar ein spent,  
med augo så tent,  
på skrøner du kan.  
Hugs da kor du for  
da du var ung;  
og frå der du sit,  
ta dei med dit  
og syng dei vårværsong.

Drøym om eit hav, ....

Set deg ned med bestefar eller bestemor og  
spør om dei kan fortelje om da dei var unge.  
Kva leika dei? Kva fekk dei i bursdagsgåve? Osv.  
Dette vil både du og dei sete pris på.

## tursongen

T: Frik Gjeilo M: Aslak Brimi

Verda er så fin ute på tur,  
der vinter'n pyntar fjella sine med glasur,  
og eg kan tusle trinn for trinn,  
og sukker dett på mine kinn,  
og skyane er rosa sukkerspinn...  
ute på tur, ute på tur, ute på tur, ute på tur,  
aldri sur ut i herleg frisk natur.

Verda er så fri ute på tur,  
der alle tenkjer høgt og ikkje treng sensur,  
og eg kan tusle skritt for skritt,  
og slepper rydde rommet mitt,  
for mamma gløymer alt det maset sitt...  
ute på tur, ...

Verda er så frisk ute på tur,  
der treng ikkje pappa kvile middagslur,  
og eg kan tusle steg for steg  
bak pappa som er lukkeleg  
og prompar høgt med god samvittighet...  
ute på tur, ...

Verda er så treig ute på tur,  
borte frå bråk og tut og mas og motordur.  
Og eg kan tusle lett så lett  
blant trea som står tett i tett,  
og med mobilen ta så skjonne sjølvportrett...  
ute på tur, ...

Verda er så fin ute på tur,  
alt er så fortreflekk til været snur,  
og vi må tusle heim igjen,  
og hælen svir og sveitten renn,  
og glede oss til vi skal ut igjen...  
ute på tur, ...



## vente på månen

T: Frikk Gjeilo M: Aslak Brimi

Eg ventar her på månen.  
Eg ventar på at himmel blå  
blir svart som kol med stjernar på,  
så eg kan liggje her og sjå  
på månen.

Eg ventar her på månen.  
Eg ventar på at kvelden kjem  
så eg kan gje ho mor ein klem,  
og göyme mine små problem  
hjå månen.

Eg ventar her på månen.  
Eg ventar på at dagen lir  
og terner nattelampa si,  
i fall eg kanskje blir ei tid  
hjå månen.

# Aslak Brimi fele og song

Gudmund Bolstad Skjær gitar

Kenneth Ekornes perkusjon

Aksel Jensen bass

Pål Svindland saksofon, fløyter, klokkespel og koring

Andre Viervoll tangentar



Foto: Johannes Selvaag

All musikken er nylaga av Aslak Brimi forutan "Ørne sette seg på høgan fjell" og "Katta sat oppå taket", som begge er tradisjonelle songstubbar frå Lom lært av Rolv Brimi. Alle arrangement gjort av Gudmund Bolstad Skjær, Aslak Brimi og Andre Viervoll i lag med medmusikarane.

Innspelt i Newtone Studio, Oslo, våren 2022

Produsering og opptak: Andre Viervoll / Newtone studio

Miksing: Peer Espen Ursfjord

Mastring: Morgan Nicolaysen

Foto: Johannes Selvaag

Grafisk formgjeving: Aslak Brimi

Illustrasjoner: Stein C. Llanos-Ytre

Meir info om dette prosjektet finn du på [www.aslakbrimi.no](http://www.aslakbrimi.no). Der finn du også info om booking, bestilling og andre musikkprosjekt.

Ein stor takk til Torunn Kjø og Diktardagar som tinga denne musikken. Takk til Frikk, Andre, Gudmund, Kenneth, Aksel, Pål, Heidrun, Alvild og Eldri, far og mor, støttespelarar og sponsorar, familie og vener. Takk til Elena Bilben og Leah Alexandra Furuheim Holten for koring på "Trampoline", "Katta sat oppå taket" og "Teleskopter".

Produksjonen er støtta av Fond for lyd og bilete, Fond for utøvende kunstnere, CREO vederlagsfond, Sparebank 1 Lom og Skjåk, Norsk senter for folkemusikk og folkedans, Lom kommune, Lom spel- og dansarlag, Austmannalaget og Mållaget Ivar Kleiven.



Støtta av Kulturrådet  
Fond for lyd og bilete



CREO



Lom  
SPEL- OG  
DANSARLAG



SpareBank  
LOM OG SKJÅK

## Svar på gâtene

- 1) Istapp
- 2) Hull
- 3) Garnnøste
- 4) Snigle
- 5) Søv du?
- 6) Synål
- 7) Månen
- 8) Egg
- 9) Veg / sti
- 10) Med rim på

## Dialektorda

**Sporvebuse** – Eit gamalt ord for fugleskremsel.

**Luggum** – Ein verkeleg heidersbetegnelse oppi dalom, og eit positiv ord om ein person eller ting. Kan vere synonymt med triveleg, rettskaffen, nett og snill. "Nei, detta va' rætt ein luggum gutongje", kan ei gamal dame si om ein snill liten gut.

**Hafeille** – Gamalt ord for gjerde. "Det sat ei skatto på hafeilla og hakka tælla tyting", er ei gamal regle i Lom.

**Kjæftamænt** – Eit spøkefullt uttrykk for munnen, brukt i samband med prat. "Ja, han hadde eit godt kjæftamænt", som i tydinga at han var god til å prate for seg.

**Å donte** – Eit gamalt begrep for å rydde og/eller gjere reint. "E'fæ vel sjå te donte litte fyry e'fæ frammon, avon."

**Rætnå** – For litt sidan. "Rætnå va' e på butikken for å kjøpe smultringer."

**Tvau** – Bøygd form av tallordet to. Two gutter, tvæ jenter, og tvau par sko.

**Biteti** – Småkaker, kjeks eller noko småbakst servert til kaffien.

**Mårgåvæl** – Eit anna ord for frokost.

**Hugulaus** – Eit ord brukt om folk som gjer lite gjennomtenkte ting. "Det va' nå hugulaust å hoppe frå 10-metern mæ klæ på."

